




Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Øving Fårikål 2016 Oppsummering



Krisehandteringsøving for kommunane i Møre og Romsdal måndag 24. oktober 2016

1 Innleiing	2
2 Øvingsmål	2
3.1 Hovudmål.....	3
3.2 Delmål 1.....	3
3.3 Delmål 2.....	4
3.4 Delmål 3.....	4
3.5 Delmål 4.....	4
3.6 Læringspunkt	5
3.7 Hovudkonklusjon	5

1 Innleiing

Øving Fårikål var ei enkel krisehandteringsøving som Fylkesmannen i Møre og Romsdal la til rette for kommunane i fylket. Øvinga blei gjennomført måndag 24. oktober 2016 kl. 0900 – 1400.

Alle kommunane var inviterte til å delta. 29 av 36 kommunar deltok. Fræna, Herøy, Midsund, Nesset, Norddal, Tingvoll og Volda deltok ikkje.

Målgruppa var kommunen si kriseleiing og leiingas viktigaste støttefunksjonar (sekretariat/loggførar). Kommunane var i eigne lokalar under øvinga. Spelstaben var i Fylkeshuset i Molde. Fylkesberedskapssjef Stine Sætre var øvingsleiar.

Øvinga var lagt opp som ei varslings- og diskusjonsøving. Kommunane fekk kl. 0900 ei varslingsmelding, eit scenario, og eit sett diskusjons- og treningsoppgåver. Dei skulle kvittere for motteke varslingsmelding, og kvar for seg gå gjennom scenarioet og oppgåvene. Øvinga vart summert opp i to telefonmøter kl. 1230 og 1315 – halvparten av kommunane i kvart telefonmøte.

Øvingsscenarioet var ei hending knytt opp mot pågåande livstruande vald (PLIVO) på ein skule i kommunen. Scenarioet og øvingsopplegget er nærare gjort greie for i *gjennomføringsplan* og *øvingskompendiet* som vart distribuert i samband med øvinga.

2 Øvingsmål

Før øvinga var det sett opp følgjande **hovudmål**:

- Øving Fårikål 2016 skal betre kommunane si evne til å handtere situasjonar der kommunen må ta hand om ulike grupper (evakuerte, råka, pårørande) som vert utsette for ekstraordinære hendingar.
- Øvinga skal tene som årleg gjennomgang av grunnleggande beredskapsdugleik: handtering av varslingsmeldingar, etablering av kriseleiing og bruk av krisestøtteverktøyet CIM.

Og følgjande **delmål**:

- Øvinga skal avklare om kommunen har tilfredsstillande planverk og rutinar for mottak, vidare distribusjon og handtering av beredskapsvarsel.
- Øvinga skal avklare om kommunen har tilfredsstillande planverk og rutinar for raskt å etablere operativ kriseleiing når situasjonen krev det.
- Øvinga skal gje kommunen høve til praktisk trening i bruk av krisestøtteverktøyet CIM. Vi oppfordrar kommunane til å dele rapport i CIM i staden for å sende som e-post. Øvinga skal òg danne grunnlag for korleis kommunen skal arbeide med CIM.
- Øvinga skal gje kommunane og Fylkesmannen høve til å trene på bruk av telefonmøte som informasjonskanal under krisehandtering.

3 Måloppnåing – oppsummering og evaluering

Den vidare oppsummeringa er strukturert etter dei fastsette øvingsmåla. Oppsummeringa og refleksjonane byggjer på Fylkesmannen sine observasjonar under øvinga – gjennom innsyn i kommunane sine loggar, kvitteringar for motteke varsling, situasjonsrapportar og tilbakemeldingar gitt i telefonmøta. Øvingsforma gjer det vanskeleg å gjennomføre grundige analysar og vurderingar – både av den enkelte kommune og for kvart enkelt øvingsmål. Fylkesmannen sin evaluering gjev derfor ei grov oversikt over vesentlege erfaringar.

3.1 Hovudmål

- Øving Fårikål 2016 skal betre kommunane si evne til å handtere situasjonar der kommunen må ta hand om ulike grupper (evakuerte, råka, pårørande) som vert utsette for ekstraordinære hendingar.
- Øvinga skal også tene som årleg gjennomgang av grunnleggande beredskapsdugleik: handtering av varslingsmeldingar, etablering av kriseleiing og bruk av krisestøtteverktøyet CIM.

Tilbakemeldingar frå kommunane går på at øvinga var nyttig for å teste kriseleiinga på større hendingar. Mange kommunar har avdekt manglar i planverk, men det har òg kome fram kva som fungerer godt. Det verker som at det er ein viss grad av automatikk i kommunane sin handtering av hendingar, men at årets øving har peika på nye utfordringar som har skapt mykje god diskusjon.

Fylkesmannen kan konkludere med at alle kommunane som deltok i stor grad gjennomførte oppgåvene i øvinga, og at det i telefonmøta og rapportane vart spelt inn viktige problemstillingar som øvinga hadde synleggjort.

Konkrete forhold blir nærare kommentert under dei enkelte delmåla, og ein oppsummerande refleksjon rundt hovudmålet er gitt sist i rapporten.

3.2 Delmål 1

- Øvinga skal avklare om kommunen har tilfredsstillande planverk og rutinar for mottak, vidare distribusjon og handtering av beredskapsvarsel.

Sett frå Fylkesmannens ståstad fungerte varslinga bra. Fylkesmannen sender varsling til beredskap@xxx.kommune.no, og det er kommunane sjølve som sørger for at denne automatisk vidare distribuerast til dei rette personane i kommunen. Alle kommunane, med eitt unntak, kvitterte i løpet av 28 minutt og Fylkesmannen fekk berre éi kvittering frå kvar kommune. Nokre kommunar fekk ikkje varslinga på e-post. I etterkant av øvinga har dette blitt retta opp av kommunane dette gjaldt. Øvinga var såleis nyttig for å rette opp i tekniske utfordringar knytt til distribusjonslister. Elles sendte kommunane SMS til sentrale personar etter eigne lister.

SMS varsling frå Fylkesmannen skulle sendast i samsvar med dreieboka. Ved ein glipp vart ikkje dette gjort. Fylkesmannen oppdaterer lister over kontaktar for SMS-varsling til kommunane ut frå endringar som blir sendt inn fortløpande gjennom året. Dette ser ut til å fungere bra, og vi tar sikte på å oppretthalde denne praksisen.

3.3 Delmål 2

- Øvinga skal avklare om kommunen har tilfredsstillande planverk og rutinar for raskt å etablere operativ kriseleiing når situasjonen krev det.

Øvingsformatet gjer det vanskeleg å vurdere dette øvingsmomentet utanfrå. Kvar enkel kommune må legge eigne diskusjonar og erfaringar til grunn for eventuell oppfølging. Fylkesmannen vil likevel trekke fram to moment som vart nemnd i telefonmøta etter øvinga. Det eine er at nokre kommunar valde å be om assistanse frå nabokommunar på grunn av omfanget av hendinga. Vidare gjorde nokre kommunar seg refleksjonar rundt det at delar av kriseleiinga vart råka av hendinga.

3.4 Delmål 3

- Øvinga skal gje kommunen høve til praktisk trening i bruk av krisestøtteverktøyet CIM. Vi oppfordrar kommunane til å dele rapport i CIM i staden for å sende som e-post. Øvinga skal òg danne grunnlag for korleis kommunen skal arbeide med CIM.

Etter ei opteljing av innsendte rapportar, er det åtte kommunar som delte rapport med Fylkesmannen i CIM. CIM har vore nytta som eit krisestøtteverktøy i mange år, og Fylkesmannen har derfor litt høgre forventning til CIM-kompetansen i kommunane. Resultatet er derfor ikkje tilfredsstillande, og delmålet berre delvis nådd.

Det er stor skilnad på kommunane, og vi ser behov for å øve ein meir unison praksis i bruken av CIM som krisestøtteverktøy. CIM-seminaret 1. desember blir eit godt utgangspunkt for dette. Frå Fylkesmannen sin ståstad bør CIM få større prioritet hjå dei fleste kommunane.

3.5 Delmål 4

- Øvinga skal gje kommunane og Fylkesmannen høve til å trene på bruk av telefonmøte som informasjonskanal under krisehandtering.

Telefonmøta fungerte bra som arena for å få statusoversikt for alle kommunane, og for å spreie informasjon til mange på ein gong. Tida vart knapp, men dei fleste fekk sagt det dei ville. Neste år blir det satt opp to separate møterom for dei to telefonmøta. Dette for å hindre støy i overgangen.

Slike telefonmøter er eit nyttig verktøy for Fylkesmannen og vår samordningsrolle. Vidare krev telefonmøter minimalt med tid frå aktørane i forhold til nytteverdien ved reelle hendingar.

3.6 Læringspunkt

I øvingskompendiet vart kravet om å evaluere øvingar og hendingar jf. §8 i forskrift om kommunal beredskapsplikt påpeika, og Fylkesmannen bad kommunane sende ei oppsummering av evalueringa med fokus på tre læringsmål frå øvinga. Under halvparten sendte sin oppsummering av evalueringa, noko vi synst er litt for lågt. I dei tilbakemeldingane vi fekk var det spesielt tre tema som var gjengangarar. Desse er summert opp i tabellen nedanfor.

TAL*	TEMA	LÆRINGSPUNKT
9 av 11	Beredskapsplan for skulane	<ul style="list-style-type: none">- Ikkje tilpassa PLIVO- Ikkje godt nok kjent hos kriseleiinga- PLIVO bør vere dimensjonerande for planverket- Må vere godt kjent hos personalet på skulane- Må samsvare med overordna beredskapsplan- Kommunen ønskjer eit samordningsmøte med relevante partar
6 av 11	CIM	<ul style="list-style-type: none">- Treng fleire loggførarar- Nøkkelpersonar må øvast meir- Fleire i kriseleiinga må kunne varsle- Gjennomgang av varslingslister- Gjennomføre CIM-kurs, fleire administratorar- Løyse feil ved varslings-SMS og e-post
4 av 11	Informasjonshandtering	<ul style="list-style-type: none">- Lage informasjonsstrategi- Gjennomgang av planverk for krisekommunikasjon- SMS-varslings til føresette må betrast

*I kolonne for «TAL» er det oppgitt kor mange av dei elleve kommunane som nemnde tilsvarende tema

Til neste øving vil Fylkesmannen sende ut ei spørjeundersøking på slutten av dagen. Dette for å bidra til at evalueringa vert gjennomført relativt raskt etter øvinga, og for å gje oss tilbakemeldingar i vårt arbeid.

3.7 Hovudkonklusjon

Det er Fylkesmannens konklusjon at Øving Fårikål 2016 har vore ei nyttig øving. Tilbakemeldingane frå kommunane var at øvinga var nyttig, og gav høve til å trene kriseleiinga si evne til å handtere større hendingar. Ei PLIVO-hending kan fort bli omfattande, og tilbakemeldingane syner at ikkje alle har beredskapsplanar som dekkjer ei slik hending tilstrekkeleg. Dei fleste kommunane har likevel beredskapsplanar som gjev eit godt utgangspunkt for vidare arbeid. Når det gjeld bruken av CIM som krisestøtteverktøy er det fortsatt litt å gå på, noko vi vil ta med oss i vår rettleiing av kommunane.

Fylkesmannen meiner at øvingsmåla i hovudsak vart nådd. Ikkje på den måten at vi etter øvinga kan kvittere ut at alle øvingsmoment fungerer, men gjennom at øvinga har lagt til rette for at vesentlege deler av kommunen sitt beredskapsansvar er synleggjort, diskutert og at forbettringspunkt er noterte. Korvidt den enkelte kommune har nådd alle øvingsmåla, må avklarast lokalt. Det same gjeld sjølvstøtt interne forbettringspunkt og intern oppfølging.

Fylkesmannen har no hatt fleire øvingar med same type øvingskonsept der vi øve (nesten) alle kommunane samtidig. Øvingskonseptet fungerer godt, vi øver mange på ein effektiv måte, og tilbakemeldingane er at kommunane ønske seg fleire slike øvingar framover. Sidan terskelen for å delta er relativt låg for både arrangør og deltakarar vil Fylkesmannen vurdere å fortsette med ein variant av desse øvingane, samtidig som vi ser på behovet for eit anna type øvingskonsept.